

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

6. søndag i openberringstida – 9. februar 2014

Preiketekst: Joh 6,63-69

Lesetekst I: Salme 126,1-6

Lesetekst II: Fil 1,2-6

Jesus er Guds Heilage

Springa etter Jesus

Kapittel 6 i evangeliet etter Johannes er eit langt og innhaldsrikt kapittel som byrjar med at Jesus settar fem tusen med fem brød og to fiskar. Ein liten gut som spanderte nista si, Jesus bad takkebøn over nista, og alle åt seg mette. Det var til og med 12 korgar igjen etter at alle var mette.

Eit lite poeng her: *"Samla saman dei stykka som er att, så ingen ting går til spille,"* sa Jesus. Min generasjon har lært det, mat skal ikkje gå til spille! Men i følgje avisene ved nyttårstider, vert det kasta store mengder mat dagleg her i landet. -Ingen ting må gå til spille, seier Jesus!

Det vellukka måltidet gjorde at folket ville gjera Jesus til konge. Det forstod han sjølv, sjølvsagt, derfor gjekk han opp i fjellet, for å vera åleine.

Så vert det natt, mørkt og høg sjø. Læresveinane vil dra over Galileasjøen, og Jesus går etter dei på vatnet. Læresveinane vert redde, men Jesus seier: *"Det er eg. Ver ikkje redde!"*(6,20)

Dagen etter leitar folk etter han på andre sida av sjøen, der dei forlet han. Men der var han ikkje, derfor drog dei over sjøen, og der finn dei han på stranda.

Når eg les i dette kapitlet, får eg ei kjensle av at folk spring etter Jesus, dei må vera i nærleiken av han, for der skjer det alltid noko spanande og uventa. Dei sa det farisearane palmesøndag også: *"Der ser de, det nyttar ikkje. Heile verda spring etter han."*(12,19)

Tenk om vi kunne sagt det, i vårt tid, i vårt land!

Brødet frå himmelen

Då dei endeleg finn han på den andre stranda, startar ein lang samtale, eller skal vi seia ein lang tale, avbroten av spørsmål av ulike slag frå tilhøyrarane. Temaet for talen er brødet frå himmelen. Han seier: *"Eg er det levande brødet som er kome ned frå himmelen. Den som et av dette brødet, skal leva til evig tid."* (6,51)

Teksten vår for denne søndagen, er om det som skjer etter at han har avslutta talen. No er det læresveinane han kommuniserer med. Mange av dei er ganske sjokkerte over Jesu ord:

"Dette er harde ord! Kven kan høyra på slikt?"(6,60) Talen denne dagen resulterte i at mange av læresveinane drog seg unna og gjekk ikkje omkring med han lenger.

Kvifor dreg dei seg unna? Kva var det i denne talen som gjorde at dei tok skrekken? Og på den andre sida: Kva var det som gjorde at Simon Peter sa: *"Herre, kven skulle vi gå til?" (6,68)?* Og han held fram: *"Du har det evige livs ord, og vi trur og veit at du er Guds Heilage."* (6,68-69)

Ordet set skilje

Det er nok her det ligg; det evig livs ord set skilje mellom dei som trur og dei som forkastar dette ordet.

Då Jesus levde her på jorda, forkynte han at Guds rike er kome nær. Han var komen for *"å forkynna ein god bodskap for fattige" (Luk 4,18) - "og for å ropa ut eit nådeår frå Herren" (Luk 4,19).* Samtidig forkynte han dette fullkomne riket gjennom gjerningar: *"Han har sendt meg for å ropa ut at fangar skal få fridom og at blinde skal få sjå, for å setja undertrykte fri" (Luk 4,18).* Dette ikkje berre sa han, men han gjorde det også!

Guds kraft til frelse

Det evige livs ord er, som Jesus sjølv seier, *"ånd og liv" (6,63).* Det er ei kraft til frelse (Rom 1,19); det gir evig liv (2 Tim 1,10); det openberrar Guds rettferd (Rom 1,17). Det set lyset på Jesus Messias, han som sjølv er Ordet, Freden og Frelsa.

Det evige livs ord må derfor forkynnast, forteljast over all jorda, til alle menneske, jøde og grekar. Berre dei som får høyra, har sjanse til å ta imot. Men dei kan også forkasta det dei høyrer. Jesus visste *"kven det var som ikkje trudde, og kven som skulle svika han."* (6,64) Men det veit ikkje vi! Derfor skal vi med frimot forkynna, dela ut i rikeleg mål av den gode og glade bodskapen om frelsa og livet i Jesus. Å vera rause med såkornet har vi lært av Jesus sjølv i likninga om Såmannen (Mark 4,1ff). Han sådde raust og rikeleg alle stader. Han måtte vita at alt ikkje kom til å spira og gje grøde. Han måtte vita at noko av såkornet kom til å gå til spille. Likevel, han sådde! Noko gav grøde!

Ordet om Jesus har den eigenskap at det kan skapa tru på Jesus i eit menneskehjarta. Derfor skal vi frimodig så, og vi skal frimodig setja andre i stand til å så.

Nåde og sanning

Kva som skal såast, er klart: Det er ordet om Jesus, utan det vert det inga kristen tru (Rom 10,17). Det er spesifisert i ordet om krossen (1 Kor 1,18), ordet om forsoninga (2 Kor 5,19), ordet om frelsa (Apg 13,26), ordet om nåden (Apg 14,3), ordet om sanninga (2 Kor 6,7) og livsens ord (Fil 2,6).

Så er det ikkje berre slik at Guds ord viser til alt dette, men det verkar alt dette (Hebr 4,12; Jak 1,21). Guds kraft er i ordet (1 Kor 1,18). Det er berre Gud sjølv som kan opna dørar slik at ordet kan forkynnast og nå inn til menneske, skapa tru og liv (Kol 4,3).

Einkvar forkynnar er derfor avhengig av at Gud opnar dørar for det ordet som er ånd og liv, ordet om Jesus, det einaste som kan skapa tru i eit menneskehjarta.

Så er resultatet at nokon dreg seg unna, mens andre seier som Peter: *"Herre, kven skulle vi gå til? Du har det evige livs ord, og vi trur og veit at du er Guds Heilage."*(6,69)

Såing og hausting

Såing kan vera eit hardt arbeid, men å hausta er derimot eit gledesarbeid, slik Salme 126 seier det: *"Dei som sår med tårer, skal hausta med jubel."* (Salme 126,5-6)

Det same uttrykkjer Paulus i Fil 1,3-4: *"Eg takkar alltid min Gud når eg tenkjer på dykk. Og alltid, i mine bønner, bed eg for dykk alle med glede."*

Teksten skaper glede og frimot til å gje ordet om Jesus vidare, til tross for at den triste realiteten er der: Nokre dreg seg unna, nokre fell i frå og nokre svik Jesus. Desse bed vi for! Men nokre tek imot i tru; mellom vårt eige folk, mellom Guds eige utvalde folk, og mellom folkeslaga! Og vi takkar Gud!

Alvhild Vassel Eide

Misjonskonsulent for grupper/foreingar i NMS, region Bjørgvin.

ave@nms.no